



DET KONGELEGE
FISKERI- OG KYSTDEPARTEMENT

Statsråden



Dokid: 120000088783 (12/11501-2)
SVAR TIL UTTALE FRA VESTLANDSRÅDET OM HEVING AV
U-864

-2 JUL 2012

Vestlandsrådet
Postboks 130
4001 STAVANGER

Dykkar ref
12/11501-1

Vår ref
201000522- /WG

Dato

28.06.12

Svar til uttale frå Vestlandsrådet om heving av U-864

Eg viser til brev av 14. juni 2012 med oversending av uttale frå Vestlandsrådet sitt møte 10. mai 2012 om heving av U-864.

Regjeringa sitt mål er at kvikksølvforureininga skal handterast på den tryggaste måten for miljøet, fordi dette også gjev størst tryggleik for heile befolkninga på kysten av Vestlandet.

I 2010 og 2011 har Kystverket vurdert seks ulike alternativ for korleis miljøet best kan sikrast mot forureininga frå vraket. Kystverket tilrår å dekkja til vraket og forureininga som det sikraste tiltaket for miljøet. Kystverket si vurdering og tilråding er kvalitetssikra av ekstern, uavhengig kvalitetssikrar.

Av omsyn til miljøet og kysten må vi velja det sikraste alternativet, både på kort og lang sikt, for handtering av forureininga og vraket. I Revidert nasjonalbudsjett for 2012 (Prop. 111 S (2011-2012) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2012*) orientere difor Regjeringa om at den vil gå vidare med forprosjektering av to alternativ; eit for heving av last med tildekking av forureina havbotn, og eit med tildekking av vraket. Begge forprosjekta skal så gjennomgå ekstern kvalitetssikring. Slik sikrar vi eit fagleg godt utgreia grunnlag for å ta ei endeleg avgjerd.

Det avgjerande i vårt arbeid er omsynet til miljøet - til beste for alle som bur på kysten og alle som brukar kysten og havet.

Med helsing


Lisbeth Berg-Hansen